

Stengt for biltrafikk mellom Sentralblokka og Glasblokkene i uke 43

I heile veke 43 blir vegen nord for Sentralblokka stengt for innkøyring av bilar. Dette må gjerast på grunn av at store stålelement til Glasblokkene skal heisast inn på byggeplassen.

Bygginga av del to av Glasblokkene er i full gang. I veke 43 skal store, tunge element som skal brukast til bygginga heisast på plass. For å få dette til må ein nytte ei kraftig mobilkran. Denne er så stor, og heiseradiusen så omfattande at det ikkje let seg gjere å halde innkøyringa i nord open.

Det vil då heller ikkje vere mogeleg å køyre inn til andre bygg aust for Sentralblokka denne vegen - som UiB sine bygg, sjukehusapoteka og Verkstedsbygget til Haukeland. For å lage så lite problem som mogeleg vil entreprenøren gjere all heisinga i uke 43, men må altså stenge for bilar i denne veka.

Gangstien inn til Sentralblokka vil vere open. *Dette er framleis den anbefalte vegen for også å komme seg til BB-bygget og Lab-bygget.*

- Dette blir en litt krevande veke for både sjukehuset, Sjukehusapoteka og Universitetet som alle har aktivitet i området. På den andre sida kan vi velge å sjå på dette som ei øving på den meir langvarige situasjonen vi får våren 2020. Då blir denne innkøyringa stengt i over eit år, på grunn av arbeidet med ny tunnel frå Sentralblokka til Glasblokkene, sier prosjektleiar Helge Bergmann.

Entreprenøren vil skilte i Haukelandsvegen slik at køyrande som kjem denne vegen ikkje køyrer opp mot innkøyringa i nord. Kjem det køyrande likevel opp hit vil dei bli geleida vidare - enten til innkøyring ved Pasienthotellet eller ned til Ibsens gate via Edvard Griegs vei. (Forbi Kiwi og til venstre).

Sjå skisse under:



